

Søknad om helse- og omsorgstenester i Åseral kommune

Namn på søkjar:	Fødselsnummer:
Adresse:	Postnummer/stad:
Telefon:	Bur du aleine? Sett kryss
	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>

Utfyllande opplysningar

Namn på din nærmaste pårørande:	Telefon:
Adresse:	Postnummer/stad:
Slektstilhøve/anna tilknytning:	Namn på fastlege:

Kommunen har ansvar for å yte tenester etter **Helse- og omsorgstenestelova § 3-2**, første ledd, nr. 6, bokstav a til c:

- a) helsetenester i heimen
- b) personleg assistanse, derunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt og
- c) plass i institusjon, derunder sjukeheim

§ 3-2, første ledd, nr. 7. Dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens

§ 3-6 nr. 1 til 3

- 1) opplæring og rettleiing
- 2) avlastingstiltak
- 3) omsorgsstønad

§ 3-8 Brukarstyrt personleg assistent

I tillegg har kommunen tilbod om omsorgsbustad og ulike typar helseteknologi som til dømes tryggleiksalarm.

Kva teneste søker du om?

- | | |
|--|--|
| <input type="checkbox"/> Middag | <input type="checkbox"/> Støttekontakt |
| <input type="checkbox"/> Helseteknologi/tryggleiksalarm | <input type="checkbox"/> Individuell plan og koordinator |
| <input type="checkbox"/> Praktisk bistand og/eller opplæring | <input type="checkbox"/> Omsorgsstønad |
| <input type="checkbox"/> Dagaktivitetstilbod for demente | <input type="checkbox"/> Psykisk helseteneste |
| <input type="checkbox"/> Avlastning i, eller utanfor institusjon | <input type="checkbox"/> Bistand iht rus |
| <input type="checkbox"/> Heimesjukepleie | <input type="checkbox"/> Habilitering |
| <input type="checkbox"/> Omsorgsbustad | <input type="checkbox"/> Brukarstyrt personleg assistent |
| <input type="checkbox"/> Korttids plass på institusjon | |
| <input type="checkbox"/> Langtids plass på institusjon | |

Du kan lese meir om dei ulike tenestene på kommunens heimeside; www.aseral.kommune.no

**Her skildrar du ditt behov for hjelp og kvifor du søker. Kva er viktig for deg?
Bruk gjerne eige ark, eller baksida, ved for lite plass**

Informasjon om handsaming av personopplysingar

Kommunen ber om personlege opplysningar når du søker om tenester. Opplysningane er naudsynte for at vi skal ha eit godt nok grunnlag til å sakshandsame, fatte vedtak og yte forsvarlege tenester.

Personopplysingane dine blir handsama slik at vi kan oppfylle dei rettslege pliktane våre med heimel i Personopplysingslova artikkel 6(1) c, og for å sakshandsame i høve til Forvaltningslova og Helse- og omsorgstenestelova.

I samband med handsaming kan personopplysningar bli innhenta frå folkeregisteret via NHN personregister, fastlege, spesialisthelsetenesta, pårørende og/ellar samarbeidande helsepersonell.

Personopplysingar vil bli formidla til kommunalt pasient- og brukarregister, og kan bli vidareformidla til fastlege, spesialisthelsetenesta og samarbeidande helsepersonell.

I høve til norsk arkivlovgivnad blir ikkje opplysningane sletta.

Det er kommunedirektøren i kommunen som er *behandlingsansvarleg*, og vedkommande kan nåast på post@aseral.kommune.no

Personvernombodet kan nåast på personvernombod@ddv.no

Dersom du meiner vi handsamar opplysningar om deg i strid med gjeldande lovverk, kan du fremje klage til datatilsynet.

Når kommunen mottok søknad vil du bli kontakta for å avtale eit kartleggingsbesøk/heimebesøk. Dette gjeld nye søkjarar der hjelpebehovet er ukjent eller det er behov for utfyllande opplysningar. Det vil så bli gjort ei vurdering av opplysningane som har kome fram, og det blir fatta eit skriftleg vedtak.

Ved å signere på denne søknaden samtykker du til at Åseral kommune:

- Handsamar personopplysingar som skildra over og formidlar opplysningar til dei som deltar i sakshandsaming og tenesteyting
- Innhentar naudsynte opplysningar som skildra over
- Ved tildeling av tenester som blir regulert ut frå *Forskrift om eigenandel for helse- og omsorgstenester* innhentar kommunen naudsynte opplysningar om økonomiske inntektsforhold. Til dømes ved langtidsplass på institusjon eller praktisk bistand. Dette vil du få meir informasjon om i vedtak ved tildeling av teneste

Innsynsrett

Du har rett til innsyn i saksdokumenta etter Forvaltningslova §§ 18 fyrste ledd og 19.

Dato:	Signatur til søkjar:	Signatur til den som eventuelt har vore behjelpeleg med å fylle ut søknaden:
Signert søknad sendast til: Åseral kommune, Åseralsheimen Bordalsbakken 10 4540 Åseral		